



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

BJARNE KLETTE
Langbrekk 26
5706 VOSS

Vår dato: 12.11.2024

Vår ref.: 202300733-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: JHPRHI

Sakshandsamar:

Anders Kvaløy Olsen

Kvitno kraftverk er ikkje konsesjonspliktig - Voss herad i Vestland

Vi viser til førespurnaden dykkar av 8.1.2023 om etablering av Kvitno kraftverk.

NVE har gjort ei konsesjonspliktavurdering av tiltaket. Først i brevet finn du vedtaket vårt og informasjon om kva du må gjere vidare. Deretter kan du lese om tiltaket og vår vurdering av dette.

NVE sitt vedtak

NVE vedtar at etablering av Kvitno kraftverk ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Vedtaket har heimel i vassressurslova § 18.

Dette vedtaket er gyldig i fem år.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Føresetnadar for vedtaket

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med framlagte planar.
- Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, må de planlegge og utføre tiltaket slik at det er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser i vassdraget.

Kva må du gjere vidare?

- Dette vedtaket er ikkje eit løyve til bygging. De må ta kontakt med andre myndigheiter for å få **nødvendige løyver**. Aktuelle myndigheiter kan vere:
 - **Kommunen** for avklaring etter plan og bygningslova
 - **Statsforvaltaren** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (anadrom strekning og vassdrag med kreps) og eventuell søknad om dispensasjon frå kravet om kantvegetasjon i vassressurslova § 11.



- **Fylkeskommunen** for avklaring etter lakse- og innlandsfisklova (ikkje anadrom strekning) og kulturminnelova.

Lista er ikkje uttømmende.

- Avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir påverka av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.
- Dersom de endrar planane for tiltaket bør dei sendast til NVE for ny vurdering.
- Fyll ut skjema for klassifisering av dam/trykkrøyr. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje starte før NVE har gjort vedtak om konsekvensklasse. For dam og røyr i klasse 4,3,2 eller 1 er det krav til at anlegget må prosjekterast av NVE-godkjent rådgjevar og i samsvar med damsikkerheitsforskrifta.
- Ta kontakt med lokal områdekonsesjonær for å avklare om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå.
- Dersom kraftverket har ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi oppmerksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå «Årsrundskriv for særavgifter» på www.skatteetaten.no.
- Når kraftverket er sett i drift skal de melde det inn via Altinn på <https://www.altinn.no/> (*Melding om idriftsettelse nye vannkraftverk eller opprustings- og utvidelsestiltak i eksisterende kraftverk, NVE-0018*).

Orientering om tiltaket

Kvitno kraftverk er planlagt i Tvagroi, som renn ut i Urdlandselvi, og er ein del av Vossavassdraget som er verna etter Verneplan III. Inntaket er planlagt på kote 526 og kraftstasjon på kote 454. Røyrleidning skal gravast ned og ei elvestrekning på ca. 450 meter vil fråførast vatn. Kraftverket er planlagt med ei slukeevne på 50 l/s (tilsvarande 30 % av middelvassføring) og ein installert effekt på 30 kW. Dette vil ifølgje meldinga gi ein årleg produksjon på ca. 0,18 GWh. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring. Kart frå søknaden er vist i figur 1.



Kvitno mikrokraftverk – hovuddata


TILSIG	I dag	
Nedbørfelt	km ²	3,7
Middelvassføring	l/s	172
Middelavrenning i feltet	l/s/km ²	46,5
Alminneleg lågvassføring	l/s	7
Planlagt minstevassføring	l/s	7

KRAFTVERK

Inntak	moh.	526
Avløp	moh.	454
Volum på inntaksmagasin	m ³	-
Lengde på aktuell elvestrekning	m	Ca.450
Brutto fallhøgde	m	72
Største slukeevne	l/s	50
Prosent slukeevne av middelvassføring	%	30
Installert effekt, maks	kW	31

PRODUKSJON

Produksjon, årleg middel	GWh	0,18
--------------------------	-----	------



Figur 1: Plassering av anlegget. Kart frå søknaden.



Kva har høyringspartane uttalt?

Meldinga er sendt **Voss herad**, **Vestland fylkeskommune** og **Statsforvaltaren i Vestland** på høyring. Dette er rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har mottatt følgjande uttalar:

Voss herad har gitt informasjon om kjende allmenne interesser i si fråsegn av **24.6.2024**:

«Friluftsjnteresser

Det går ein gamal kjerreveg opp til Kvitno som kryssar groa på utbyggingsstrekninga. Dette var tilkomsten til dei 3 gardane på Kvitno før det vart bygd bilveg. Vegen vart trafikkert med hest og kjerre. I dag er bruken som sti-tilkomst til fritidseigedomen 122/15 Lyngtua, og har begrensa bruk utover dette. Skogområdet er tilplanta med gran som i dag aldersmessig er i hogstklasse 4. Det er utlagt avgiftsbelagd parkeringsplass i enden av kommunal veg til Kvitno for å ivareta friluftstrafikk vidare opp i terrenget mot nord og aust.

Kulturminne

Det er ikkje kjent kulturminne i tiltaksområdet.

Verdifulle naturtypar/raudlisteartar

Det ligg ikkje inne registreringar i Naturbase av raudlisteartar eller viktige naturtypar i eller langs groa som kan bli påverka negativt slik tiltaket er omtala i meldinga.

Vilt

Av jaktbare viltartar er hjort og elg store brukarar av området. Det er ein vitig viltkorridor for elg og hjort frå vinter til sommarbiotop. Korridoren ligg sør for 113/3 og nord for 122/15. Det betyr at store delar av røytrassen ligg i trekkorridoren. Det er derfor av svært stor verdi at røytrassen vert grav ned, som planlagd, og ikkje vert eit fysisk hinder for dyr under trekk. Det er størst aktivitet på trekk i perioden 1. april til 15. juni og anleggsaktivitet i denne perioden bør begrensast.

Andre hensyn

Området er ein del av Raundalen der heradet har utfordringar med å oppretthalda busetnad. Søkjar fekk konsesjon på driftseininga 85/4,85/22, 1/6 av 85/44, 122/1,3 og 122/12 (feste) i 2022. I kommuneplan er det eit viktig mål å sikra busetnad i grendene. Eit vilkår var buplikt som søkjar har fått utsett til 6/12 i 2029 av di det var dårleg stelt med bygningar på driftseininga. Det var busetnad på bruket fram til 1970 talet, etter det har det stått til forfall. Det er mykje utmark på driftseininga, dvs. jakt og skog er viktige ressursar på bruket. Det er granskog som snart er hogstmoden og søkjar har planar om å etablere enkel gardssag for å understøtta gjenreising av bygningsmasse. Det har og tidlegare vore eit sagbruk på garden. Eit mikrokraftverk vil vera ein viktig ressurs, som truleg minst vil skapa skapar verdiar for minst 75.000



kr årleg og som styrker busetnaden utover 5 årsplikta av di kraftverket krev ettersyn og bind personressursar til staden.

Voss herad signaliserer såleis at ein er positiv til tiltaket.»

Vestland fylkeskommune innleiar i si fråsegn av **19.6.2024** med at det vert lagt til grunn at søkjar og energimynde har sett seg inn i regionale planar for fornybar energi, klima og vassdragsforvaltning. Dei uttalar vidare at tiltaket er planlagt nære det svært viktige registrerte friluftsområdet Kyte-Liaset, men at tiltaket ikkje går inn i området. Turområdet frå Ospehaugen mot Fjosstølen er mykje brukt, men elva er truleg ikkje å rekna som eit landskapselement i samanheng med dette, då den går nede i eit gjel eit stykke nedunder bilvegen.

Dei gjer også merksam på at det er forbode å sette i verk fysiske tiltak som fører til eller kan føre til fare for å redusere produksjonstilhøva for fisk eller andre ferskvassorganismar i vatn og vassdrag. Fylkeskommunen har ansvar for tiltak i vassdrag eller deler av vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk eller kreps.

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i deira fråsegn av **5.6.2024** at dei ikkje kjenner til viktige naturmiljø eller friluftsinteresser som kan bli påverka av tiltaket. Dei gir slik vurdering av tiltaket:

«Det ligg ikkje inne registreringar i Naturbase av raudlisteartar eller viktige naturtypar i eller langs elva som kan bli negativt påverka, slik utbygginga er omtalt i meldinga.

Vi vil minne om at rennande vatn inngår i naturtypen elvevannmasser i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Det går ein tursti opp til Kvitno som kryssar elva på utbyggingsstrekninga. Vi har ikkje lokalkunnskap til å kunne vurdere i kva grad ei utbygging vil påverke landskapsopplevinga frå turstiar eller på avstand nede frå dalen. Vi legg til grunn at Voss herad vurderer eventuelle lokale friluftsinteresser i saka.

Planlagt maksimalt vassuttak ser ut til å vere innafor det som kan akseptrast i vassdrag verna mot kraftutbygging. Det vil bli att ein naturleg dynamikk etter ei utbygging som vil gje livsgrunnlag for artar som lever i og ved elva.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om at ei eventuell utbygging skal skje med minst mogleg inngrep i naturmiljø og dyrka mark, og at påverka areal skal stellast til att i tråd med moderne prinsipp. Vidare må tekniske installasjonar plasserast slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.



Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Stein- og jordmassar skal handterast i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243, og eventuelt betongavfall i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta.»

Dette er NVE si vurdering av tiltaket

Ei konsesjonspliktavurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for nokre allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

Hydrologi

Kvitno kraftverk er planlagt å nytte eit nedbørfelt på 3,7 km², som har ei middelvassføring på 172 l/s ved inntaket. Alminneleg lågvassføring er estimert til 7 l/s.

Det er planlagt med ei minstevassføring på 7 l/s. Dette er i tråd med kravet i vassressurslova § 10, som seier at minst alminneleg lågvassføring skal vere attende i vassdraget ved ei utbygging utan konsesjon.

Kvitno kraftverk er planlagt med ei største slukeevne på 50 l/s. Dette er 30 % av middelvassføringa i vassdraget. Statsforvaltaren vurderer dette til å vere innafor det som kan aksepterast i vassdrag verna mot kraftutbygging. NVE er samd i denne vurderinga og vurderer at dette er ei skånsam utbygging av vassdraget, som i stor grad tek vare på den naturlege vassdragsdynamikken i bekken.

Biologisk mangfald

Naturmangfaldlova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer meldinga. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5 er vi avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8. Viss kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein bruke føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Det er ikkje utarbeidd rapport om biologisk mangfald i samband med tiltaket. Tiltakshavar skriv at dei har søkt i naturbase og økologisk grunnkart, og finn ingen opplysningar om at det er særskilte naturverdiar i området. Tiltakshavar skriv også at Tvagroia inneheld lite/ikkje fisk, og at det viltet som er i området ikkje vil bli råka av tiltaket.

Statsforvaltaren er ikkje kjend med at det er raudlista artar eller viktige naturtypar i eller langs elva som kan bli negativt påverka. Kommunen viser til at det er ein viktig viltkorridor for elg og hjort frå vinter til sommarbiotop, og at store delar av røyrtrasen ligg i trekkorridoren. Det er derfor viktig at røyrtrasa vert grave ned slik at den ikkje vert eit fysisk hinder for dyr under trekk. Kommunen viser til at det er størst aktivitet på trekk i perioden 1. april til 15. juni, og anleggsaktivitet i denne perioden bør avgrensast.

Søk i Artskart og Naturbase den 18.10.2024 viser ingen nye registreringar av raudlista artar eller viktige naturtypar.

Med bakgrunn i informasjon frå tiltakshavar, søk i databasar og egne erfaringar vurderer NVE at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsesjonsplikt, jf. at kunnskapsgrunnlaget skal stå i forhold til saka sin karakter og sjanse for skade på



naturmangfaldet. Ut i frå eksisterande kunnskap kan vi ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. Tiltaket vil etter NVE sitt syn ikkje komme i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4-5.

Landskap og friluftsliv

Det er ikkje komme innspel om at allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv kjem i konflikt med det planlagde tiltaket. Tiltaket er planlagt nær friluftsområdet Kyte-Liaset, klassifisert som svært viktige, men kjem ikkje inn i området.

Røyrkata skal gravast ned og er plassert i nær tilknytning til kraftlina som går gjennom området. Røyrkata er trekt unna det som er merka som myr i kartet. Sjølve kraftstasjonen er på 9 kvadratmeter.

Slukeevna det vert søkt om er på 30 % av middelvassføringa og påverka elvestrekning er ca. 450 meter. Denne delen av elva vil få ein reduksjon av vassføringa, men ikkje større enn at elvestrekkingen også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring, samt at landskapsverknad vert avgrensa.

Verna vassdrag

Det planlagde kraftverket ligger i Vossovassdraget som vart verna mot kraftutbygging gjennom Verneplan III i 1983. Føresetnad for å gje løyve for kraftutbygging i dei verna vassdraga er at verneverdiane ikkje vert nemneverdig forringa. Vassdraget må også etter utbygging ha ei variert og romsleg vassføring.

Vossovassdraget er verna ovanfor Vangsvatnet. Det er verna som eit typevassdrag for regionen med stor variasjon i naturtypar frå høg fjell til lågland, og har svært stor verdi for vilt og fisk. Verneverdiane omfattar også særskilt rike kulturmiljø, og eit stort samanhengande friluftsområde med store friluftsinteresser.

NVE vurderer at plassering av kraftverket og røyrkata ikkje vil gi stor påverknad for landskapet. Ei avgrensa fråføring av vatn på ei kort strekning i nedre del av vassdraget som allereie er noko påverka, vil etter vår vurdering ikkje påverke verneverdiane i nemneverdig grad.



Oppsummering og konklusjon

Kvitno kraftverk er planlagt i Tvagroi, som renn ut i Urdlandselvi, og er ein del av Vossavassdraget som er verna etter Verneplan III. Kraftverket vil påverke ei elvestrekning på 450 m og ha ei slukeevne på omlag 30 % av middelvassføringa. NVE kan ikkje sjå at mikrokraftverket medfører nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til vassdraget, inkludert landskap og friluftsliv og kulturminne. Vi kan heller ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med verdiar som ligg til grunn for vern av vassdraget.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

BJARNE KLETTE

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VOSS HERAD



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.